

## TYSVÆR KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Tysdag **21. mai 2019** blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiing av utvalsleiar Arne Gjerde.

<b>MØTESTAD:</b>	Tysvær rådhus, kantinen
<b>MØTESTART/-SLUTT:</b>	kl. 18.00 – kl. 19.50
<b>MØTANDE MEDLEMMER:</b>	Arne Gjerde (H), Karsten A. Larsen (FrP), Åse Paulsen (A) og Wenche Hellesund (V)
<b>MØTANDE VARAMEDLEM</b>	1. varamedlem Marit Hølland Gjedrem (Sp )
<b>FORFALL:</b>	Øyvind Hellerslien (FrP)
<b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
<b>FRÅ REVISJONEN MØTTE:</b>	Revisor/partner Roald Stakland, KPMG AS t.o.m. sak 8/19 Forvaltningsrevisor Bjørg Rabbe Sandven og Magnus Heggen, KPMG AS i sak 6/19
<b>ANDRE SOM MØTTE:</b>	Rådmann Sigurd Eikje Omsorgssjef Annbjørg Lunde i sak 6/19 Teknisk sjef Bjørn Bruaset i sak 9/19 Leder drift Leni Kristensen i sak 7/19 Økonomisjef Tor Leif Helgesen i sak 7/og 8/19
<b>MERKNADER TIL INNKALLING</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL SAKSLISTE:</b>	Sakene blei handsama i denne rekkefølgja: sak 6, 9, 5, 7, 8, 10 og 11/19. Leiar varsla ei sak under Evt.

Utvalsleier ønskte Wenche Hellesund velkommen i sitt fyrste møte i utvalet.

### FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

#### **SAK 5/19 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 19.02.19**

##### **Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 19.02.19 blir godkjent slik han ligg føre.

##### **Handsaming i kontrollutvalet 21.05.19:**

Utvalet hadde ingen merknader.

### **Samråystes vedtak i kontrollutvalet 21.05.19:**

*Protokoll fra møtet i Tysvær kontrollutval 19.02.19 blir godkjent slik han ligg føre.*

### **SAK 6/19 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «KVALITET OG RESSURS-EFFEKTIVITET INNANFOR PLEIE- OG OMSORGSTENESTENE»**

#### **Sekretariatet si innstilling:**

1. Tysvær kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Kvalitet og ressurseffektivitet innanfor pleie- og omsorgstenestene» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

#### **Handsaming i kontrollutvalet 21.05.19:**

Forvaltningsrevisor Magnus Heggen frå KPMG presenterte rapporten på skjerm. Han gjekk igjennom dei valte problemstillingane, faktadelen om velferdsteknologi, deira vurderingar og tilrådingar. Dei hadde mellom anna sett nærmere på fire case/vedtak i samband med søknader om langtidsopphold på sjukeheim, og om regelverket her var følgt.

Utvaleier fant rapporten interessant, men meinte den var «snillare» enn tidlegare rapportar. Han hadde ein del merknader og kommentarar til rapporten. På spørsmål om «overliggedøgn» på sjukehus blei det opplyst at Tysvær hadde 13 døgn i 2018, som er eit lågt tal. Omsorgssjefen opplyste at dei hadde stor fokus på haldningsarbeid overfor eldre om bruk av velferdsteknologi. Ordet er berre eit anna for hjelpemidlar. Alle burde setje seg inn i kva dette går ut på før ein blir sjuk eller får ei funksjonsnedsetjing. Tildelingskontoret er nå inne i ei omorganisering, og tenestene arbeider med å fordele om ressursane innan pleie- og omsorg. Kommunen ligg fortsatt høgt når det gjeld talet på sjukeheimsplasser. Utvalet slutta seg til innstillinga.

#### **Samråystes vedtak i kontrollutvalet 21.05.19 og innstilling til kommunestyret:**

1. *Tysvær kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Kvalitet og ressurseffektivitet innanfor pleie- og omsorgstenestene» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.*
3. *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

### **SAK 7/19 UTTALE TIL TYSVÆR KOMMUNE SITT ÅRSREKNESKAP 2018**

#### **Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kontrollutval vedtek uttale til årsrekneskapen 2018 slik den ligg føre / med desse endringane/tillegga.

### **Handsaming i kontrollutvalet 21.05.19:**

Årets rekneskap blei mellom anna omtala som «uforskamma godt» og med eit «solid» resultat. Økonomisjefen meinte det skyldast god styring på resultatområda og ein del ekstrainntekter som havbruksfondet med 15 mill. kr – nest høgast i Rogaland og betre skatteinntekter. Resultatet er også i år heilt i toppsjiktet blant norske kommunar med 53,5 mill. kr i overskot. Det blir kvart år sett av midlar på sikringsfond for å dekkje evt. kommande tap av skatteinntekter i samband med omtakstering. Rettsprosessen for Karmøy startar til hausten.

Rådmannen var glad for rekneskapstala, men meinte at kommunen hadde store utfordringar fram for seg og det var mykje å ta fatt i.

Revisor opplyste at han hadde levert rein revisjonsmelding, men i revisjonsrapporten hadde han kome med merknader om administrasjonsrettar i nettbanken og økonomisystemet og manglar i reiserekningar. Desse merknadene var det allereie tatt tak i, og utvalet fant at det ikkje var grunn til be om ny tilbakemelding.

Utvalet hadde elles ingen merknader til framlegg til uttale.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.05.19 og innstilling til kommunestyret:**

*Tysvær kontrollutval vedtek slik uttale til årsrekneskapen 2018:*

*«Tysvær kommune sitt årsrekneskap for 2018 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot på kr 53,3 mill. kr (etter avsetjing av driftsmidlar til investeringar og fond i samsvar med budsjett).*

*Kontrollutvalet har merka seg at årsrekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 95,1 mill. kr, som utgjer 8,7 % av driftsinntektene. I eit korrigert netto driftsresultat utgjer det 10,5 % av driftsinntektene inklusiv renter og fråtrekk frå avtalt eigedomsskatt til Bokn kommune.*

*Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2018, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen for 2018 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2018 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.18.*

*Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet ytterlegare merknader til Tysvær kommune sitt årsrekneskap for 2018.*

### **SAK 8 /19    OPPFØLGING    AV    FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORTEN «ØKONOMISTYRING»**

#### **Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av KPMG sin rapport «Økonomistyring» til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 21.05.19:**

Leiar innleia. Han meinte det var gjeve ei god og fyldig tilbakemelding. Utvalet hadde ingen merknader.

**Samråystes vedtak i kontrollutvalet 21.05.19:**

*Tysvær kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av KPMG sin rapport «Økonomistyring» til orientering.*

**SAK 9 /19 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJON - «INVESTERINGAR - AVGJERSGRUNNLAG OG STYRING»**

**Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av KPMG sin rapport «Investeringar – avgjerdsgrunnlag og styring» til orientering.

**Handsaming i kontrollutvalet 21.05.19:**

Leiar innleia om saka. Han hadde spørsmål om prosjektet Stølsvik, som teknisk sjef svara på. Frå rådmannen var det komme ei grei tilbakemelding om god styring. Utvalet hadde ingen merknader.

**Samråystes vedtak i kontrollutvalet 21.05.19:**

*Tysvær kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av KPMG sin rapport «Investeringar – avgjerdsgrunnlag og styring» til orientering.*

**SAK 10 /19 REVISJONSAVTALEN – BRUK AV OPSJON ELLER NY ANBODSRUNDE**

**Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med 1 år med revisjonsselskapet KPMG AS om levering av revisjonsteneste til Tysvær kommune fram til 30.06.21.

Tysvær kommunestyre gjer kontrollutvalet fullmakt til å utforme konkurransegrunnlaget og førebu sak om innkjøp av revisjonstenester i 2020 med verknad frå 01.07.21.

**Handsaming i kontrollutvalet 21.05.19:**

Oppdragsansvarlig revisor Roald Stakland var ikkje til stades under handsaminga. Dagleg leiar/sekretær orienterte om bakgrunn og innstilling. Rådmannen kom med innspel om høgare krav til kompetanse/arbeidserfaring til forvaltningsrevisorane ved neste anbodsrunde. Utvalet meinte bruk av opsjon var fornuftig og slutta seg til innstillinga.

**Samråystes vedtak i kontrollutvalet 21.05.19:**

*Tysvær kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med 1 år med revisjonsselskapet KPMG AS om levering av revisjonsteneste til Tysvær kommune fram til 30.06.21.*

*Tysvær kommunestyre gjer kontrollutvalet fullmakt til å utforme konkurransegrunnlaget og førebu sak om innkjøp av revisjonstenester i 2020 med verknad frå 01.07.21.*

## SAK 11/19 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 21.05.19

19. Statusrapport pr. mai 2019
20. Brev frå Eurojuris. Haugesund, dagsett 11.03.19 om dokumentinnsyn i saksdokument
21. Førebels svarbrev, dagsett 14.03.19.
22. E-post frå Tysvær Vektløfterklubb m/vedlegg, dagsett 14.04.19 om kontroll av TK
23. Førebels svarbrev, dagsett 24.04.19.
24. Protokoll frå representantskapsmøte 10.04.04.19 – IKA Rogaland IKS
25. Protokoll frå representantskapsmøte 26.04.19 – Haugaland Brann og redning IKS
26. Protokoll frå representantskapsmøte 30.04.19 – Haugaland Vekst IKS
27. Innkalling til representantskapsmøte 06.05.19 - Haugaland Kontrollutvalssekretariat IKS
28. Innkalling til representantskapsmøte 22.05.19 – HIM IKS
29. Varsel om generalforsamling 11.06.19 - Haugaland Kraft AS
30. Innkalling til generalforsamling 11.06.19 - Haugaland Næringspark AS
31. Kommunal rapport 14.03.19 – «Synlige kontrollutvalg kan oppnå mer»

### **Handsaming i kontrollutvalet 21.05.19:**

Sekretær gjekk igjennom sakene. Utvalsleiar peika på at tema ikkje offentleg og dokumentinnsyn i folkevaldeopplæringa til hausten også var aktuelt tema for dei tilsette. Rådmannen opplyste at kommunen har sendt svar den 08.05.19 til kulturdepartementet, der vektløftarklubben sine påstandar blir tilbakevist. Utvalet meinte det ikkje var grunn til å følgje opp denne saka.

Utvalet hadde elles ingen spesielle merknader.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.05.19:**

*Kontrollutvalet tar referatsakene 19 - 31 til orientering.*

### **EVENTUELTT**

#### Legedekning og fastlegeordninga

Utvalsleiar hadde, på bakgrunn av oppslag i lokalavisa, hatt ønskje om at rådmannen gjorde greie for temaet. Han var nå nøgd etter å ha lese helse- og forebyggingssjefen sin grundige utredning til formannskapet den 07.05.19. Rådmannen kommenterte saka og viste til at fastlegeordninga generelt er no til evaluering i KS.

**Neste møte:** tysdag **17. september** 2019, kl. 18.00

Aksdal, 21. mai 2019

Arne Gjerde (sign.)  
kontrollutvalsleiar

Toril Hallsjø (sign.)  
Utvalssekretær